

## **GRUNNGJEVE SPØRSMÅL OM BUTILHØVA I SMALEBAKKEN**

I Nærvisa 5.oktober er det ein sterk reportasje om butilhøva i dei kommunale bustadene i Smalebakken. Kvaliteten på bustadene er dårlege. Planløyisingane gjer at hovudbustaden og hybelen i første etasje deler inngang. I hovudbustaden bur det familiar. Dei fleste er innvandrarakar med barn. I hyblane bur det mange einslege menn, fleire med psykiske lidingar og problem med rus. Kommunen har eit ansvar for å ta vare på alle innbyggarakar. Reportasjen i Nærvisa gir eit godt bilde av kor vanskeleg det er å samle folk med ulike behov i same bumiljø. Den fortel om barn som er redde for naboane sine og foreldre som ikkje tør sleppe barna ut for å leike. Slik kan vi ikkje ha det!

I innleiinga til Volda sin bustadsosiale handlingsplan refererer ein til Kommunal- og regionaldeprtementet sin definisjon av bustadsosialt arbeid som 'det kommunene gjer for å sikre vanskelig stilte på boligmarkedet en trygg bosituasjon'.

Kommunen har lenge vore klar over manglane ved bustadene i Smalebakken. Eit prosjekt for å betre tilhøva blei starta i 2010 men vart avvikla i 2013. I gjeldande bustadsosial handlingsplan (2017-2020) står det at ein skal renovere og utbetre bustadene i Smalebakken og Røyslidvegen i tidsrommet 2016-2020. Veldig lite har tydeligvis blitt gjort så langt midtveis i perioden. Det står at 'kommunen vil i forbindelse med prosjektet støtte krav til levekår og inkludering der ein vil legge til rette for at personar med ulike fysiske og psykiske utfordringar kan busetjast i same miljø'. Det står vidare at 'prosjektet vil kunne vere med på å løyse mange av utfordringane ein har med bustadsosialt arbeid./.../Her ynskjer ein å oppnå god integrering og eit ope og tilrettelagt bumiljø'. Samansettinga av bebuarakar i bustadene vert ikkje drøfta i planen. Og det vart ikkje vist til konkrete tiltak som kan gjere noko med dei akutte problema reportasjen i Nærvisa peiker på.

***Mitt spørsmål til Ordførar er:***

***Kva vil Ordførar gjere for å få fortgang i planane om å betre butilhøva i dei kommunale bustadene i Smalebakken?***

***Kva vil Ordførar gjere for at alle bebuarakarane i dei kommunale bustadene har trygge og gode butilhøve?***

Viser sak i kommunestyremøte 02.02.12, PS 9/12 pkt. 3: «Volda kommunestyre ber administrasjonen gå gjennom den kommunale bustadmassen, med tanke på at mest mogleg av bustadmassen vert frigjort til personar som har behov som følgje av sosiale tilhøve».

Bakgrunnen for dette var dårleg gjennomstrøyming og lang butid i dei kommunale gjennomgangsbustadane, der 23 hadde 6 års butid, 12 hadde 8 års butid, 5 hadde 10 års butid, 4 hadde 12 års butid og ein hadde 18 års butid. Mange trendg hjelp til vidare bustadkarriere og dei med lengst butid trengde omsorgsbustad el. likn. I tillegg budde det 8 kommunalt tilsette i gjennomgangsbustadane.

Administrasjonen etablerte eit bustadsosialt prosjekt med støtte frå fylkesmannen i perioden 2013 – 2016 «frå mellombels til midlertidig bustad». I etterkant av prosjektperioden har ein gjort prosjektstillinga om til fast stilling i 60%, med tildeling, gjennomstrøyming og oppfølging av leigetakarar som hovudansvarsområde. Stillingane er knytt til tildelingskontoret i Helse og omsorg og kommunen har lukkast svært godt med prosjektet.

Med utgangspunkt i det grunngjeve spørsmålet vil administrasjonen understreke at det pt. er 14 familiehusvære og 18 hyblar i området Røyslidvegen og Smalebakken. 6 husvære er under rehabilitering og har stått tomme i lang tid. Fleire husvære står ledig og fleire vil bli ledige. Det bur no 5 barnefamiliar i området, resten er einslege. Dei fleste bustadane er utleigd til einslege flyktningar eller flyktningar med familiar. I tre av dei 18 mindre einingane bur det p.t. personar med psykiske helseplager/rusliding. Vi jobbar godt med tildeling og tenkjer også på rett type bustad ved tildeling; kommunal gjennomgangsbustad vs. behov for omfattande helsehjelp og eventuelt behov for omsorgsbustad.

### Tildeling av bustad

Alle søknadar om kommunale gjennomgangsbustadar vert handsama i Tildelingsnemnda sitt møte, ein gong per måned. Tildelingsnemnda består av representant frå NAV, Eigedomsavdelinga, Læringssenteret, Tenesta for rus og psykisk helse, Økonomi/ansvarleg for Husbanken sine låne- og tilskotsordningar og Tildelingskontoret. Bustadane vert tildelt etter gjeldande kriterier, og er meint til dei som er vanskelegstilte på bustadmarknaden og som ikkje kan klare å skaffe seg bustad ved å kjøpe eller leige i den private marknaden.

Ved tildeling av kommunal gjennomgangsbustad vert det alltid teke vurdering av samansetning/ bu-miljø, og kor vidt busetjinga er hensiktsmessig i høve dette. Tildelingsnemnda prøver så langt som råd å ta omsyn til dette, og gjer så godt dei kan med den bustadmassen ein har. Fleire av bustadane har hyblar nede og familiehusvære oppe, med felles inngang, noko som gjer at menneske med ulike utfordringar vert buande tett på kvarandre. Det vert ikkje alltid så hensiktsmessig som ein skulle ynskje.

Bustadane er spreitt rundt om i Volda, i tillegg til Smalebakken og Røyslida, vert vanskelegstilte tildelt bustad også i Smiebakken, Sollida, Monsvegen og Nybråtet, for å nemne nokon.

Ein har lukkast med å få til god gjennomstrøyming i dei kommunale gjennomgangsbustadane, og det er stort sett bustader tilgjengeleg for utleige ved kvart tildelingsmøte. Etter kvart som nokon lukkast med å leige i den private marknaden, eller klarer, oftast ved hjelp av Husbanken sine ordningar, å kjøpe eigen bustad, vert ledig bustad leigd ut til nye vanskelegstilte.

## Aktuelle overordna tiltak

Administrasjonen meiner at ein må sjå på utfordringane i eit større perspektiv. Det vil alltid bu vanskelegstilte i kommunale gjennomgangsbustader, dersom ein ikkje endrar på kriteria. Det er ikkje ynskjeleg frå administrasjonen si side, og det ville gå i mot det politiskare bad administrasjonen gjennomføre i 2012.

Vi må klare å tenkje heilskapleg om bustadutvikling i Volda. I bustadsosial plan står det at det er ein overordna strategi å setje bustadsosiale mål og tiltak i ein heilskapleg samanheng og sjå fleire av kommunen sine handlingsplanar i samanheng. Målet er å knyte den bustadsosiale handlingsplanen tettare saman med helse og omsorgsplanen og kommuneplanen.

Bustadsosiale mål og tiltak skal vere sektorovergripande, og bør difor vere ein del av kommunen si planforankring for mellom anna å leggje til rette for økonomisk bindingar til gjennomføring av tiltak. "Alt heng saman med alt". Kva som vert gjort innanfor eit tenestemråde får konsekvensar for andre område, og for den vanskelegstilte som treng hjelp.

Kommunen har gjennom bustadsosial handlingsplan satt seg mål om å følgje nasjonale mål på området

1. Alle skal ha ein god stad å bu
  - a. Hjelp frå midlertidig til varig bustad
  - b. Hjelp til å skaffe ein eigna bustad
2. Alle med behov for teneste, skal få hjelp til å meistre buforholdet
  - a. Forhindre utkastningar
  - b. Gi oppfølging og tenester i heimen
3. Den offentlige innsatsen skal vere heilskapleg og effektiv
  - a. Sikre god styring og målretting av arbeidet
  - b. Stimulere til nytenking og sosial innovasjon
  - c. Planlegge for gode bumiljø

I tillegg har kommunen sagt at ein skal gjere ein særlig innsats overfor barnefamiljar og unge. Bustaden og nærområdet utgjer ei viktig ramme for barn og unge sin oppvekst. Bustaden og bumiljøet er viktig for barn og unge her og no, men også for å hindre at dårlige levekår går i arv. Regjeringa vil difor forsterke innsatsen overfor barn og unge som ikkje bur bra.

Bustadsosialt arbeid er først og fremst institusjonalisert gjennom Husbanken si verksemd, men det operative bustadsosiale arbeidet ligg til kommunane. Ein konsekvens av samhandlingsreforma er at kommunen får eit større ansvar for å sikre eit godt bustad og tenestetilbod til personar som på ulike måtar har behov for kommunale tenester.

Frå «Leige før eige»-modellen gjer leigetakarar i stand til å kjøpe bustaden dei leiger. Denne modellen er nærare omtala i den bustadsosiale planen, og er eit av fleire tiltak som er foreslått i handlingsplanen. Organisering av bustadsosialt arbeid er også satt opp som eit tiltak i handlingsplanen, då ein ser at kommunen fortsatt har utfordringar i høve det strategiske bustadsosiale arbeidet, samt kvar nokre operative oppgåver best kan løysast.

Det vil også verte lagt fram ei eiga sak om bustadene i Røyslidvegen der ein m.a bør ta stilling til om ein skal rehabilitere heile eller delar av bustadane, ev selje delar av dei for ev å investere el byggje bustader andre stader i sentrumsområdet til bustadsosialt formål.

Gjennom godt planverk i Volda kommune kan vi byggje vidare på ein heilskapleg strategi om bustadutvikling i sentrum. Det må setjast ned ei tverrsektoriell arbeidsgruppe som skal jobbe med desse spørsmåla og utfordringane. I 2019 vil kommunen måtte ha eit hovudfokus på kommunesamanslåing. Frå 2020 kan vi sjå på organisering av det bustadsosiale arbeidet og starte arbeidet med rullering av planverk for å lage ein heilskapleg bustadsosial strategi.

Fram til dette vil kommunen fortsette den gode jobben med gjennomstrøyming, tildele bustader til dei som er i behov av sosiale årsaker og ta i vare dei brukarane som treng helsehjelp og hjelp til å bu.